



# Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2025 – 2028

## Nissedal kommune



Vedteken av kommunestyret 17.10.2024, sak XX

## Innhald

1.0	Innleiing .....	3
2.0	Skildring og vurdering av rusmiddelsituasjonen .....	4
2.1	Rusmiddelsituasjonen i Norge .....	4
2.1.1	Alkohol .....	4
2.1.2	Illegale rusmidlar .....	4
2.2	Rusmiddelsituasjonen i Nissedal .....	5
3.0	Ungdom og rus .....	1
4.0	Eldre og rus .....	2
5.0	Grunnlaget for rusmiddelsituasjonen nasjonalt og kommunalt .....	3
5.1	Lovgrunnlaget og styrande dokumenter .....	3
6.0	Tilbod i Nissedal kommune med fokus på rusarbeid .....	3
6.1	Fastlege .....	3
6.2	Tenesta for psykisk helse og rus .....	3
	Støtte-/ meistringssamtale .....	3
	Huset – ein stad å høyre til .....	4
	Praktisk bistand .....	4
6.3	Rask, psykisk helsehjelp (RPH) .....	4
6.4	Helsestasjonen og skulehelsetenesta .....	4
6.5	Barne- og ungdomsteam .....	4
6.6	Modellkommune – bekymra for eit barn? .....	4
6.7	Sterk& Klar .....	4
6.8	ICDP- Programmet .....	5
6.9	MOT .....	5
6.10	SLT; Rus og kriminalitetsførebyggjande tiltak .....	5
6.11	Rusfritt, robust og rettferdig .....	5
	Ung i Nissedal .....	5
	Binders .....	5
6.12	Ungdomsklubben (KEMFU) .....	5
6.13	Barnevern .....	6
6.14	NAV .....	6
6.15	Politikontakten .....	6
6.16	AKAN; Arbeidslivets kompetansesenter for rus- og avhengigheit problematikk .....	6
	Alkoholpolitiske retningslinjer .....	6
7.0	Mål for ruspolitikken i Nissedal kommune .....	7
	Auka bevisstheit om rus .....	7

Redusere rusbruk .....	7
8.0 Handlingsplan .....	7
9.0 Alkoholpolitiske retningslinjer.....	10

## 1.0 Innleiing

Rusførebyggjande arbeid handlar ikkje nødvendigvis direkte om rus, men om å bygge gode oppvekstmiljø og eit inkluderande lokalsamfunn. Det inneberer trygge bumiljø, gode oppvekstforhold, arbeidsmoglegheit, arbeidsmiljø, fritidstilbod, utgjeving av sosiale forskjellar, inkluderande møteplassar og innsats for å forebygge fråfall i skulen. I tillegg til befolkningsretta tiltak er det viktig å førebygge rusproblem gjennom tidleg innsats.

Kommunane skal etter alkohollova § 1-7d utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Rusmiddelpolitisk handlingsplan er ein temaplan som skal samordne rusmiddelpolitikk og satsingar slik at kommunen kan jobbe systematisk for å førebygge og behandle rusproblematikk. Lova gjev ingen direkte pålegg om kva ein slik plan skal innehalde, men planen bør tydeleggjere kommunens rusmiddelpolitiske mål og tiltak ut frå lokale utfordringar og behov.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Nissedal kommune blei utarbeida i samarbeid med Borgestadklinikken og fyrste gong vedteke i 2009. Planen vart sist rullert i 2020.

Nissedal har dei siste åra fokusert mykje på rusførebygging gjennom ungdomssatsing, samarbeid med kommunar i Vest-Telemark og kommunalt rusarbeid. Den positive utviklinga blant ungdomane våre er gledeleg. Samtidig syner opplysningar frå lokalt politi vedrørande køyring i ruspåverka tilstand blant vaksne førekjem. Det syner at satsinga må fortsette, så dagens ungdom blir betre enn sine foreldre bak rattet både på veg, vatn og sno.

Nissedal kommune sitt overordna mål i kommuneplanen; *ein god og trygg stad å leve gjennom heile livet*, er styrande for alt arbeid i planen.

Satsingsområde i kommuneplanens samfunnsdel er førande for ruspolitikken vår.

I Nissedal har me livskraftige og glade innbyggjarar som tek ansvar for eige liv. Det betyr at;

- Me har fokus på folkehelse, livsmeistring og trivsel i alle livets fasar
- Me har fokus på inkludering og det å høyre til ein stad
- Me har fokus på identitet og omdømme
- Me har fokus på tidleg innsats for å skape eit samfunn med små skilnader og like sjansar for alle
- Me har fokus på trivsel i ungdomsåra og at det er attraktivt å flytte heim att

Målet med ruspolitisk handlingsplan i Nissedal;

1. Auka bevisstheit om rus
2. Redusere rusbruk

Forsking syner at kommunens løyve- og kontrollmynde er blant dei mest effektive verkemiddel ein har for å redusere alkoholforbruk og alkoholrelaterte skader.

## 2.0 Skildring og vurdering av rusmiddelsituasjonen

### 2.1 Rusmiddelsituasjonen i Norge

#### Hovudpunkt i Folkehelse rapporten (2022)

- Vi drikk i gjennomsnitt over 7 liter rein alkohol per år, rekna per innbyggjar over 15 år.
- Alkoholbruk blant unge er i nedgang
- Vi drikk vesentleg mindre alkohol i Noreg enn i dei fleste europeiske land, rekna per innbyggjar på 15 år og over.
- Cannabis er det mest brukte narkotiske stoffet i den norske befolkninga. Kokain er det nest mest brukte rusmiddelet, etterfølgt av ecstasy/MDMA og amfetamin.
- Bruk av alkohol og ulovlege rusmiddel er blant dei viktigaste risikofaktorane for død og tapte friske leveår i befolkninga.
- Alkohol er årsak til betydeleg meir helsemessige og sosiale problem i samfunnet enn narkotika. Det er ingen skarpe skilje mellom bruk og skadeleg bruk.
- Menn drikk oftare og i gjennomsnitt dobbelt så mykje alkohol som kvinner.
- Eldre drikk oftare, men mindre alkohol enn yngre.

#### 2.1.1 Alkohol

Alkoholbruken i Norge kostar samfunnet opp mot 100 milliardar kroner kvart år (Oslo Economics, 2022). Omrekna til kommunenivå, kostar alkoholbruk i Nissedal kommune over 20 millionar kroner kvart år. Rapporten til Oslo Economics viser at ein stor del av kostnadane er knytt til dei som drikk mykje. Den viser også at ein betydeleg del av kostnadane handlar om dei som drikk moderat. Vidare er det store kostnader for pårørende som lev tett på dei som drikk. Rapporten konkludera med at dersom alkoholbruken i Norge aukar, sjølv berre litt, så vil prislappen for samfunnet auke betydeleg. 77 % av kostnadane er knytt til dårlegare livskvalitet og færre leveår. 20 % av kostnadane visast direkte på budsjettet, i form av auka sjukefråvær, lågare effektivitet i arbeidsmarknaden og kostnader for helse- og velferdstenestene.

#### Tal om alkohol i Norge:

- 13 % nordmenn er i risikosona for å utvikle eit alkoholproblem
- 100.000 nordmenn har eit alkoholbruksbruk
- 90.000 barn veks opp med foreldre som har alkoholproblem. Dette er ei gruppe som er særleg risikoutsett for sjølv å utvikle rusmiddelproblem.
- Alkohol er ein risikofaktor for kreft, høgt alkoholforbruk er mest risikabelt, men sjølv små mengder alkohol aukar risikoen.

#### 2.1.2 Illegale rusmidlar

Bruk av illegale rusmidlar, og spesielt hyppig og langvarig bruk, medfører risiko for akutte og kroniske helseskadar og problem. Den mest alvorlege konsekvensen er tidleg død. Overdosar er den nest viktigaste årsaka til død for menn under 50 år. Narkotikabruk er også forbundet med sosiale skader, for eksempel marginalisering og konsekvensar av kriminalitet, inkludert konsekvensar av ruspåverka køyring. Cannabis er det mest brukte illegale rusmiddelet i Norge. En av fire personar oppgjer å ha prøvd cannabis i løpet av livet, mens 5 % oppgjer å ha brukt det i løpet av det siste året. Sentralstimulerande stoff, som kokain,

ecstasy/MDMA og amfetamin er dei mest utbreidde stoffa etter cannabis. Bruken av stoffa har vorte stabil dei siste åra (FHI, Narkotikabruk i Norge, 2022).

## 2.2 Rusmiddelsituasjonen i Nissedal

Det ligg ikkje føre statistikk som systematisk skildrar rusmiddelsituasjonen i dei enkelte kommunar eller fylke.

Omsett alkohol i kommunen viser ei nedgang.

### Omsett alkohol i Nissedal kommune (i liter);

	2021	2022	2023
<b>Sal av øl og rusbrus/cider</b>	156 468	132 188	104 686
<b>Skjenkt øl</b>	12 626	18 359	15 881
<b>Skjenkt vin</b>	2 184	1 588	1 292
<b>Skjenkt brennevin</b>	184	206	33

### Sals – skjenkestader i kommunen

Det finns per 01.07.2024 3 salsløyve og 5 skjenkeløyve i kommunen

#### Salstader:

Spar, Treungen  
Coop Prix, Treungen  
Nærbutikken Nissedal

#### Skjenkestader:

Fjonesundet kafé  
Turine  
Treungenfestivalen  
Canvas Hotell  
Treungen Gjestgiveri

#### Kontroll av sals- og skjenkestadene

Securitas utfører regelmessig kontrollar med alle faste sals- og skjenkeløyve på oppdrag frå kommunen. Dette blir dekt av gebyra som vert tatt inn ved løyver.

Dei siste fire åra er det ikkje avdekka alvorleg avvik frå bestemmelsane i alkohollovgjevnadene.

### 3.0 Ungdom og rus

Ungdomstida er ein periode der mange gjer sine fyrste erfaringar med ulike rusmiddel. Det skjer ofte i sosiale fellesskap, og for mange inneber eksperimentering med og bruk av rusmiddel ei symbolsk markering av overgangen frå barn til ungdom.

Hovudfokus på førebyggjande tiltak i denne planen er retta mot born og unge, deira føresette og vaksne som rollemodellar. Born og ungdom er ei sentral målgruppe då grunnlaget for seinare helse og helsevanar leggest tidleg i livsløpet.

#### Debutalder

På landsbasis har gjennomsnittleg debutalder i fleire år vore på 14,5 år for øl og 15 år for brennevin. Studiar visar at ungdom som begynner å drikke når dei er 13, drikk betydeleg meir når dei er 19 år, enn ungdom som begynner når dei er 16 år. Tatt i betraktning at auka alkoholkonsum også aukar sjansane for å være involvera i for eksempel valdsepisodar og ulykker, og ikkje minst aukar sjansane for avhengigheit og problemdrikkning, er det betydelege gevinstar ved å utsette debuten.

Det er generelt små forskjellar i alkoholbruk mellom jenter og gutar.

Tidleg debut med rusmidlar aukar faren for skader eller andre negative hendingar i ungdomstida. Det aukar også sjansen for eit problematisk forhold til rusmidlar seinare i livet. Alkohol er det rusmiddelet med størst utbreiing blant ungdom. Det har vært nedgang i ungdoms bruk av alkohol sida årtusenskiftet, men det er framleis mange unge som drikk, og da særleg mot slutten av tenåra.

Sidan 1980 har forskarar vist at born som blir bydd alkohol heime, drikk meir enn dei som ikkje har blitt bydd alkohol av føresette. Ein ser også ein samanheng mellom tidleg debut og servering av alkohol heime. Dette bilete forsterkar seg i dei tilfelle der borna også får med seg alkohol heimanfrå på fest.

#### **Ungdata –undersøking**

Det blir gjennomført ungdata- undersøkingar blant ungdomsskuleelevar i Nissedal kvart tredje år. Nissedal har deltatt i 2015, 2018, 2021 og 2024. Ungdata er for 8.-10.klasse. Svarprosent i Nissedal i år er 94%. Undersøkinga som nyleg er gjennomført vil bli lagt fram for kommunestyret hausten 2024.

#### Alkohol

Alkoholbruken blant ungdom har gått ned. 8 % av ungdomsskuleelevane i Nissedal har vært rusa på alkohol det siste året. Dette er lågare enn snittet for Telemark (13 %) og Norge (13%). I 2021 svara hele 29 % av ungdommane i Nissedal det same.

5 % svarer at dei får lov til å drikke alkohol av foreldra sine.

17 % av ungdommane «veit ikkje» om de får lov til å drikke alkohol. Her er landsgjennomsnittet 15 %.

## Cannabis

11 % av ungdommane i Nissedal har fått tilbod om hasj eller marihuana det siste året. Dette er langt fleire enn i 2021 (5 %), men framleis lågare enn snittet for Telemark (16 %) og Norge (18 %).

Det er likevel ingen auke i antal som har brukt hasj eller marihuana sidan 2021. Prosentandelen av ungdom som har bruka hasj i Nissedal i 2024 ligg framleis på 2% og ligg under landsgjennomsnittet.

## Røyking/snusing

0% av ungdommen seier at dei røyker eller snuser dagleg eller kvar veke i Nissedal.

Talet på ungdom som røyker og snuser har gått mykje ned dei siste åra. Prosentandelen av ungdomsskuleelevar som røyker eller snuser kvar veke eller dagleg er lågare i Nissedal enn i Telemark og Noreg.

Andelen som bruka snus dagleg eller kvar veke i 2021 var 7% i Nissedal, altså ein nedgang i 2024.

## Reseptfrie medikament

Bruken av reseptfrie medikament minkar i Nissedal og ligg lågare enn i Noreg. 12% av ungdom i Nissedal oppgir at dei brukar medikament som Paracet, Ibux og liknande minst ein gong i veka., mot 26% i 2018 og 15% i 2020. Jenter brukar meir reseptfrie smertestillande enn gutar.

## 4.0 Eldre og rus

Det blir stadig fleire eldre i Norge. Det å bli blant dei eldre i samfunnet er for mange ein sårbar overgang. Ein forlèt gjerne arbeidslivet, det kan bli meir utfordrande å vere sosial, og hyppigheita av sjukdom aukar. På den andre sida får eldre meir tid, større fridom og moglegheit for auka reiseaktivitet.

Alkoholbruken hos eldre (70+) har auka over tid. Eldre er dei som drikk oftast, men dei har eit mindre risikofylt drikkemønster. I tillegg brukar kvar femte 70-åring meir enn 10 reseptbelagde legemiddel (FHI, 2022).

Ettersom vi blir eldre endrast kroppens væskebalanse, og mat, drikke og medisinar brytas saktare ned. Effekten av alkohol og legemidlar kan bli kraftigare og vare lengre enn tidlegare. Kroppen er i større grad utsett for risiko ved inntak av same mengder. Dette vil igjen forsterke biverknadar av medisinar og sjølv sjukdommen som behandlast. Eksempel på dette er demens, diabetes, høgt blodtrykk, økte søvnproblem, kreft og epilepsi. Desse uønska effektane inntreff allereie etter 1-2 einheiter hos middelaldrande menneske. Det er grunn til å tru at dette skjer raskare hos eldre.

Effektar av eit høgt alkoholinntak kan forvekslast med generelle aldringssymptom. I enkelte tilfelle blir dette bagatellisert, både av den det gjeld, av pårørande og av helsepersonell. Videre aukar risikoatferd som kan forårsake fall og evt. brotskadar (Statsforvaltar i Trøndelag).



## 5.0 Grunnlaget for rusmiddelsituasjonen nasjonalt og kommunalt

### 5.1 Lovgrunnlaget og styrande dokumenter

#### Loverk

Kommunane har ei rekke oppgåver de skal løyse innan rusfeltet. Desse er pålagte og er i hovudsak å finne i følgjande lovar og forskrifter:

- LOV-1989-06-02-27 Lov om omsetning av alkoholig drikke m.v.
- LOV-2009-12-18-131 Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen
- LOV-2011-06-24-30 Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester
- LOV-1992-07-17-100 Lov om barneverntjenester
- LOV-1999-07-02-62 Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern
- LOV-2011-06-24-29: Lov om folkehelsearbeid
- Forskriftene om salg og skjenking av alkohol
- Forskrift om vaktvirksomhet

#### Styrande dokument

- Prop. 15s: opptrappingsplan for rusfeltet (2016-2020)
- Veileder for rusmiddelpolitisk handlingsplan, IS-1362, Sosial- og helsedirektoratet 2006
- St. melding 26 (2014-2015): Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet
- Håndbok i alkoholoven m.v. – Rundskriv IS-5/2008
- NOU 2016: 16 Ny barnevernslov, sikring av barns rett til omsorg og beskyttelse

Frå 1.juli 2022 blei det lovfesta at alle landets kommunar skulle ha ei rådgjevande eining for russaker. Den rådgjevande eininga for russaker skal ha ansvaret for å møte personar når oppmøte er satt som vilkår for ein bestemt strafferettsleg reaksjon, inkludert gjennomføre ruskontroll dersom dette er satt som vilkår. I Vest Telemark er det eit interkommunalt samarbeid, der Seljord kommune har det koordinerande ansvaret fram til januar 2026.

## 6.0 Tilbod i Nissedal kommune med fokus på rusarbeid

### 6.1 Fastlege

Fastlegen har eit overordna ansvar. Det vil seie at fastlegen syter for at pasienten får lokal oppfølging og eventuell medisinsk behandling. Fastlegen har også ansvaret for at pasienten får nødvendig hjelp frå det regionale hjelpeapparatet dersom det trengs.

### 6.2 Tenesta for psykisk helse og rus

Mange med rusmiddelproblem har samtidig psykiske helseplager. Helsedirektoratet anbefaler derfor kommunane til å sjå psykisk helse og rus i samanheng. Psykisk helseteneste følgande tilbod;

#### Støtte-/ meistringssamtale

Ein kan ta direkte kontakt med tenesta for psykisk helse og rus eller med tenestekontoret for å få samtale.

### Huset – ein stad å høyre til

Huset blei opna hausten 2023 ved hjelp tilskotsordninga «Kommunalt rusarbeid» gjennom Statsforvaltaren. Det er eit lågterskeltilbod på Røde kors huset i sentrum av Treungen, med målsetting om å skape trivsel og fellesskap. Huset er opent to dagar i veka og har ulike aktivitetstilbod. Dei som kjem til Huset vil møte tilsette i tenesta for psykisk helse og rus.

### Praktisk bistand

Dei siste åra har ein sett eit aukande behov innan området burettleiing for personar med nedsett bu evne og for personar med problem innan psykisk helse og rusproblematikk. Her har kommunen i 2023 satt inn tiltaket praktisk bistand med psykisk helseteneste.

### 6.3 Rask, psykisk helsehjelp (RPH)

Rask psykisk helsehjelp er eit lågterskeltilbod for personar over 16 år busett i Vest-Telemark med symptom på mild til moderat depresjon, angst, søvnevanskar og begynnande rusproblem.

### 6.4 Helsestasjonen og skulehelsetenesta

På helsestasjonen kan ein ta opp spørsmål om barn og unges utvikling og foreldrerolla. Helsestasjonen gir råd og rettleiing, og rus er tema frå før fødsel og systematisk på konsultasjonar. Helsesjukepleiar er tilgjengeleg på skulane.

Universelle støtte- og regulerande tiltak som COS-P til føresette av 2 åringar, og NUSSA-gruppe i 1.klasse er døme på tidleg innsats. Her samarbeider helsesjukepleiar, psykisk helse og skulen.

### 6.5 Barne- og ungdomsteam

Barne- og ungdomsteamet i Nissedal kommune er eit tverrfagleg team sett saman av representantar frå psykisk helse, helsesjukepleiar, SLT-koordinator, politi, barnevern, PPT og kommunepsykolog. Andre fagpersonar kallas inn ut frå behov.

### 6.6 Modellkommune – bekymra for eit barn?

Modellen som rettar seg mot barn som har foreldre som er i utfordrande livssituasjonar, er psykisk sjuke eller misbrukar rusmiddel, og barn som blir utsette for vald og overgrep. Gjennom modellen ynskjer kommunen ei tverrfagleg forståing av forholda som vekker vår bekymring hos barn, og korleis ein skal fylje dette opp. Målet er at barna skal få tidleg hjelp og systematisk, langsiktig oppfølging.

### 6.7 Sterk& Klar

Sterk& Klar er eit foreldreprogram på ungdomsskulen med mål om å støtte foreldre i å legge tilrette for ei rusfri ungdomstid. Dei har fokus på nettverket foreldra imellom og kontakten mellom foreldra og ungdommen gjennom foreldretreff, samtale, avtaler, ungdomskontrakt, vennetiltak og støtte.

## 6.8 ICDP- Programmet

International Child Development Programme (ICDP) rettar seg mot omsorgsgivarar og skal styrke deira omsorgskompetanse. ICDP er lovfesta i Introduksjonsprogrammet for føresette med barn og blir gjennomført for nykomne flyktningar i Nissedal.

## 6.9 MOT

Nissedal ungdomsskule er ein MOT-skule. MOT-konseptet er basert på formålet om å skape eit tryggare samfunn gjennom å skape robuste ungdom gjennom dei tre verdiane;

- MOT til å leve
- MOT til å bry seg
- MOT til å si nei.

## 6.10 SLT; Rus og kriminalitetsførebyggjande tiltak

SLT står for Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak for barn og unge. SLT bidrar til at ressursane hos kommune og politi blir meir samkøyrte og målretta. Målet er å ha god oversikt over ungdomsmiljøet og iverksette tiltak mot enkeltpersonar og grupper. Målet er eit systematisk rusførebyggjande arbeid retta mot elever, føresette og tilsette i kommunen.

I forbindelse med Treungenfestivalen er Natteramn og brev til føresette u/18 år dømme på SLT-tiltak.

## 6.11 Rusfritt, robust og rettferdig

### Ung i Nissedal

Hovudmål: I Nissedal har vi eit ungdomsmiljø prega av trivsel, inkludering og gode haldningar knytt til rus. Vi har 4 satsingsområde: Aktivitetar, møteplassar, omdømme og rus-haldning.

Nissedal kommune er programkommune for folkehelseprosjektet rusfritt, robust og rettferdig. Prosjektperioden frå 2020-2025 har fokus på sosialt samskapande innovasjon og skal saman med Telemark fylkeskommune arbeide med rusførebygging, styrking av psykisk helse blant barn og ungdom og utjamning av sosiale skilnader. SLT-koordinator vil vidareføre arbeidet etter prosjektslutt.

### Binders

Folkehelseiltaket Binders er eit bindeledd mellom dei kommunale tenestene helse, skule og kultur, inn mot heimane og fritidstilboda. Ved bruk av samskaping som metode skal Binders kartlegge utanforskap på fritida og sette inn universelle tiltak slik at endå fleire vil oppleve meistring og tilhøyring i organiserte fritidsaktivitetar. Tiltaket blir støtta av Telemark fylkeskommune i 2024-2026, med mål om varig drift etter dette.

## 6.12 Ungdomsklubben (KEMFU)

Ungdomsklubben er ope for ungdom frå mellomtrinn, ungdomsskule og elevar i vidaregåande skule, og er ope 3 gonger i veka. Målsettinga til ungdomsklubben er å vere ein inkluderande arena for alle, som skaper meistring for den einskilde og som er 100% røyk og rusfri/ energidrikk er ikkje lov.

### 6.13 Barnevern

Barneverntenesta skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling får nødvendig hjelp og omsorg. Barneverntenesta undersøker barns oppvekstforhold og fattar ved behov vedtak om hjelpe- og/eller omsorgstiltak. Barneverntenesta samarbeider med andre avdelingar og etatar for å forbetre barn og unges oppvekstmiljø generelt.

### 6.14 NAV

NAV har fleire tilbod og tiltak for å hjelpe personar som har utfordringar med psykisk helse eller rus, og som slit i arbeidslivet.

Mange av tilboda kombinerer behandling med deltaking i arbeidsretta tiltak.

Lov om sosiale tenester stiller aktivitetsplikt for mottakarar av sosialstønad. Nissedal kommune samarbeider med Kvito på dette området og etablerte i 2016 tiltaket Restart. I dag er det 3 plassar i dette tiltaket. Effekten har vore god i dei tilfelle som er blitt brukt, men er brukt veldig lite.

### 6.15 Politikontakten

Politikontakten er bindeleddet mellom politiet og Nissedal kommune, og jobbar førebyggjande både internt og eksternt, i tillegg til det private næringslivet. Politikontakten jobbar i all hovudsak på eit strategisk, overordna nivå og samarbeider tett med SLT-koordinator, oppvekst og integreringstenesta. Politikontakten er medlem i Barne- og ungdomsteamet og politiråd.

### 6.16 AKAN; Arbeidslivets kompetansesenter for rus- og avhengigheit problematikk

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) er AKAN-utval i Nissedal kommune. Dei har som oppgåve å vere eit opplysende og rådgivande organ i AKAN arbeidet og førebyggje rus- og avhengigheit problem i norsk arbeidsliv. AMU skal vedta retningslinjer for AKAN-arbeidet og sjå til at retningslinjene blir fylgt.

### Alkoholpolitiske retningslinjer

Alkoholpolitiske retningslinjer 2024-2028 vart vedteke av Kommunestyret i Nissedal i juni 2024. Dei ligg vedlagt.

Effekten av tiltak for å avgrense alkoholskadar er omfattande dokumentert. Regulatoriske verkemiddel som påverkar pris og tilgjenge av alkohol er mest effektive. Kommunens kontroll og løyvepolitikk er avgjerande for å begrense totalforbruket, og redusere skadane av alkohol.

I dei alkoholpolitiske retningslinjene pkt. 7.1 står det at kommunen skal ha møter ved behov med sals – og skjenkestadene der det vert lagt vekt på opplæring i alkohollova, konflikthandtering og andre relevante tema.

## 7.0 Mål for ruspolitikken i Nissedal kommune

I denne planen ynskjer kommunen å jobbe mot to konkrete mål; Auka bevisstheit om rus og redusere rusbruk.

Nissedal kommune sitt overordna mål i kommuneplanen; *ein god og trygg stad å leve gjennom heile livet*, er styrande for alt arbeid i planen.

### Auka bevisstheit om rus

Nissedal kommune blir med denne planen ein Av-og-til-kommune. Av-og-til kommunar skal fremje godt alkovett hos innbyggjaren. Vi ynskjer å skape refleksjon rundt at av og til passar det med alkohol, og av og til passar det ikkje. I tillegg til å legge til rette for at det snakkast om alkovett på ulike arenaer, er det nødvendig å auke bevisstheita rundt bruk av illegale rusmidlar og at tilbodet til unge aukar på dette området.

### Redusere rusbruk

All alkoholbruk er mogleg skadeleg for den enkelte og kostbart for storsamfunnet. Ut frå studiane ser vi heilt klart at det bør være eit mål i seg sjølv å redusere alkoholbruken. Den nasjonale alkoholstrategien anbefaler ein redusert alkoholbruk på 10 % (Departementene, 2021).

## 8.0 Handlingsplan

Nissedal kommune har allereie fleire verkemiddel i det rusførebyggande arbeidet. Dei viktigaste verkemidlane er det generelle folkehelsearbeidet som når ut til heile befolkninga, også i arbeidet med å redusere rusbruk og forebygge konsekvensane av rusbruk. Som i folkehelsearbeidet vil vi i det rusførebyggande arbeidet satse på universelle befolkningsretta tiltak.

Som beskrive i denne planen er all rusbruk skadeleg for den enkelte, og befolkningas rusbruk er eit betydeleg samfunnsøkonomisk problem. Det viktigaste målet for ruspolitikken er derfor å redusere rusbruken i samfunnet. I norsk ruspolitikk jobbast det med å redusere tilgjengelegheita på rusmidlar, og med å redusere etterspørselen etter rusmidlar.

Handlingsdelen i denne planen tek utgangspunkt i det vi allereie gjer, med sikte på å vidareutvikle innsatsen framover.

Tiltak	Beskrivast	Målgruppe	Ansvar
<b>Mål 1: Auke bevisstheita om rus, blant born og unge, føresette, personar i lokalsamfunnet som jobbar med born og unge, arbeidsgivar, utsalsstader og innbyggaren</b>			
Tiltak 1.1 Vi skal auke kompetansen om rus blant tilsette som jobbar med born og unge, vaksne og eldre.	Tiltaket skal bidra til å auke kompetansen om skadeverknadane av rus, og korleis vi best kan redusere bruk og førebygge misbruk.	Heile befolkninga, arbeidsgivaren, organisasjonar og utsalsstader	Kommunalsjef oppvekst og kommunalsjef velferd
Tiltak 1.2 Nissedal er Av- og til-kommune	Av-og-til er eit samarbeid med norske kommunar om praktisk, enkel og gratis alkoholførebygging. Ved å fremme alkovett førebygger og reduserer vi alkoholskade.	Heile befolkninga	Barne- og ungdomsteamet
Tiltak 1.3 Vi skal vidareutvikle det rus og Kriminalitetsførebyggjande arbeidet rundt barn og unge (SLT)	SLT bidreg til at ressursane hos kommune og politi blir meir samkøyrt og målretta.	Born, unge og familiar	Politiråd Barne- og ungdomsteam
Tiltak 1.4 Vi skal auke kompetanse om rus og samfunnsøkonomiske konsekvensar av rus.	Tiltaket skal bidra til at Kommunal leiing og folkevalde aukar sin kompetanse om rus, og blir meir bevisste si rolle som mynde.	Folkevalde og administrativ leiing i kommunen	Folkehelsekoordinator
Tiltak 1.5 Kommunen informerer og kommuniserer godt om det rus-førebyggjande arbeidet	Dei som treng det skal finne god informasjon om kunnskap, planar og tiltak på kommunens nettside.	Innbyggaren, tilsette, folkevalde og utsalsstader	Avdelingsleiarar
<b>Mål 2: Redusere rusbruken i Nissedal</b>			
Tiltak 2.1 Vidareføre samarbeidet med nabokommunar om rusfrie arrangement for ungdom	Tiltaket skal bidra til å avdekke behov, og moglegheit til å gjennomføre på et regionalt	Ungdom	SLT-koordinator

	nivå.		
Tiltak 2.2 Vi skal ha oppdaterte alkoholpolitiske retningslinjer i kommunen	Tiltaket skal bidra til å redusere rusbruken i kommunen.	Butikk og skjenkestader Heile befolkninga	Kommunestyret
Tiltak 2.3 Vi skal bidra til at det er inkluderande, trygge og rusfrie møteplassar, både kommunale og i frivillig sektor	Tiltaket skal bidra til at det skal være enkelt å delta i lokalsamfunnet og på aktivitetar utan rusbruk.	Hele befolkninga	Kulturavdelinga

## Bibliografi

Departementene. (2021). Nasjonal alkoholstrategi En helsefremmende og solidarisk alkoholpolitikk 2021-2025.

FHI. (2021, 04 07). Doping - bruk, beslag og straffereaksjoner. Henta frå <https://www.fhi.no/nettpub/narkotikainorge/bruk-av-narkotika/doping/>

FHI. (2022, 12 20). Alkoholbruk i den voksne befolkningen. Henta frå <https://www.statsforvalteren.no/contentassets/9c89d1d4f27e478998b10a1543e10d49/eldre-og-rus.pdf>

FHI. (2022, 02 09). Narkotikabruk i Norge. Henta frå <https://www.fhi.no/nettpub/narkotikainorge/bruk-av-narkotika/narkotikabruk-i-norge/>

FHI. (2023, 01 04). FHI. Hentet fra <https://www.fhi.no/nettpub/narkotikainorge/bruk-avnarkotika/doping/?term=&h=1>

Fylkesmannen i Trøndelag. (u.d.). Eldre og Rus. Henta frå <https://www.statsforvalteren.no/contentassets/9c89d1d4f27e478998b10a1543e10d49/eldre-og-rus.pdf>

Helsedirektoratet. (u.d.). Helsedirektoratet.no. Henta frå <https://www.helsedirektoratet.no/rundskriv/alkoholloven/kapittel-1-alminneligebestemmelser/-1-7d.kommunal-alkoholpolitisk-handlingsplan>

Lovdata. (1989). Alkoholloven. Henta frå Lovdata.no: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1989-06-02-27>  
Ungdata 2024

## 9 Alkoholpolitiske retningslinjer

Gjeldande frå 1. juli 2024 til 30. juni 2028

### 1. Målsetting:

**1.1** Nissedal kommune sitt overordna mål med alkoholpolitiske retningslinjer er at sal og skjenking av alkoholhaldig drikk skal skje i ryddige og kontrollerte former i samsvar med alkohollova si målsetting.

Målet er at dei alkoholpolitiske retningslinjene saman med "*Rusmiddelpolitisk handlingsplan*" i størst mogeleg grad skal motverka dei samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebere.

### 2. Generelt om tildeling av sals- og skjenkeløyve

**2.1** Det finst to hovudtypar løyve kommunen forvaltar:

1. Salsløyve
2. Skjenkeløyve
  - Alminneleg løyve
  - Eingongsløyve
  - Ambulerande løyve

Nissedal kommune vektlegg særskilt følgjande i vurdering av løyve, jf. alkohollovas retningslinjer §1-7:

- Uttale fra NAV og politiet
- Lokale omsyn t.d. plassering i nærleiken av kyrkje, strand, barnehage, skule med vidare
- Trafikkale omsyn
- Uttale frå skatte og avgiftsmynde
- At skjenkestaden ikkje medverkar til å forstyrre offentleg ro og orden.
- At skjenkestaden er innreidd på ein slik måte at løyvehavar har gode vilkår for å halde kontroll over skjenkestaden
- At løyvesøkar sin vandel er i tråd med lova sine føringar
- Røynsler med skjenkestaden vert vektlagd ved søknad om fornying av løyve eller ved overdraging av løyve.
- Næringspolitiske omsyn.

Nissedal kommune legg ikkje eit fast tal på sals- eller skjenkestader i kommunen.

### 3. Salsløyve

**3.1** Løyve for sal av alkoholhaldig drikk med høgst 4,7 volumprosent alkoholinnhald (gruppe 1), kan gjevast til daglegvareforretningar.

**3.2** Salsløyvet kan søkjast utvida til også å gjelde innføring av alkoholhaldig drikk med høgst



4,7 volumprosent alkoholinnehald for sal i eigen verksemd. Salsløyvet kan søkjast utvida til også å gjelde nettsal og utkøyring av alkoholhaldig drikk.

#### 4. Skjenkeløyve:

**4.1** Alminneleg skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk (gruppe 1,2 og 3) kan gjevast til hotell/gjestgjeveri, spiserestaurant, pub, diskotek/danserestaurant, gardsturisme og turistbåt.

Kombinasjonshus kan søke løyve ved offentlege arrangement jamfør opplæringslova § 9-5, 3.1edd:

På grunnskular og i kombinerte anlegg for skule og andre føremål må det ikkje kunne serverast alkohol eller takast med alkohol til nyting under arrangement i offentlig som privat regi. I kombinerte anlegg for skule og andre føremål kan det i særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida."

Med dette gis det moglegeheit for at det kan søkjast om løyve til Fleirbrukshuset.

**4.2** Alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk med alkoholinnehald lågare enn 22 volumprosent (gruppe 1og 2) kan gjevast til vegkroer, kafeteriaer som klart skil seg ut frå gatekjøkken/hurtigmatrestaurant.

Skjenkeløyvet kan utvidast til også å gjelde alkoholhaldig drikk med 22 volumprosent alkohol eller meir (klasse 3) i lukka selskap.

**4.3** Etablerte festivalar kan søke om alminneleg skjenkeløyve (gruppe 1 og 2) for eit avgrensa tidsrom.

**4.4** Ambulerande skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk kan gjevast for eit avgrensa tidsrom i lukka selskap. Med ambulerande løyve meiner ein løyve knytt til eit spesielt arrangement som bryllaup, jubileum, runde dagar osv. Det må vere eit engasjement utanfrå, t.d. der ein utanfrå verksemda inviterar til slutta lag. Dei som deltek må ha tilknytning til den som inviterer. Jf. kommentarar til § 4-5 i Alkohollova. Ein kan søkje for gruppe 1, 2 og 3.

**4.5** Eit skjenkeløyve (ikkje ambulerande) kan utvidast til også å gjelde tilvirking/produksjon og/eller innførsel av alkoholhaldig drikk som ikkje er brennevin for skjenking i eigen verksemd.

Vilkår for tilvirking av alkoholhaldig drikk er at dette inngår som ein del av verksemdas totale tilbod og karakter. Tilvirking kan berre skje i godkjend lokale. Kommunen skal underrettast kvar gong produksjon setjast i gang.

**4.6** Kommunen kan også gje enkeltløyve for ein viss periode eller for eit einskild høve. Ein kan søkje for gruppe 1 og 2. Løyve må knyttast til ei bestemt hending. Det må gjevast særskilt løyve for kvart enkelt arrangement.

**4.7** Eit skjenkeløyve er knytt til bestemte lokalar og/eller uteplassar med godkjend skjerming mot omgjevnadane.

**4.8** Kommunen vil før tildeling av løyve vurdere plassering, innreiing konsept, meny m.m.

Kva er ambulerande løyve? Kva er eit enkelt løyve til eit einskild høve? Kva må til for at det ikkje er naudsynt med løyve? La oss ta eit døme: Rådmannen mottok ein søknad om løyve for skjenking mot betaling til eit utdrikkingslag.

**Utdrikkingslaget som er planlagt krev skjenkeløyve.** Det er berre høve til alkoholserving utan løyve ved private arrangement i samlingslokale når utleigar ikkje er involvert i arrangementet på nokon annan måte enn ved å stille lokala til rådvelde, og der leigetakar tar med eigne drikkevarer. Skjenkinga kan ikkje gjerast mot betaling.

**Ambulerande løyve kan ikkje nyttast i dette tilfellet.** Føresetnaden for å kunne nytte ambulerande løyve er at det skal skjenkast til eit slutta selskap. Med slutta selskap meinast at det før skjenkinga startar er danna ein slutta krets av bestemte personer som samlast for eit bestemt føremål i eit bestemt lokale, og der det på førehand er gått ut invitasjon, personane har meldt seg på, og den ansvarlege har oversikt over kven som er til

stades. Medlemmene av selskapet må danne ein slutta krets av personer der utanforståande ikkje kan kome inn. Deltakarane må ha ei tilknytning til den som inviterar til selskapet. Det er ikkje tilstrekkeleg at ein før skjenkinga startar skriver seg på ei liste eller kjøper billetter. Løyvet kan altså berre gjevast til **slutta lag** der inviterte gjester har tilgang.

For å kunne skjenke alkohol mot betaling i det planlagte utdrikkingslaget krevast det difor eit enkelt løyve for eit einskild høve.

## 5. Sals- og skjenketider

**5.1** Sal av alkoholhaldig drikk med høgst 4,7 volumprosent alkoholinnhald kan skje i tidsrommet:

Måndag - fredag, inklusiv dagen før Kristi Himmelfartsdag: kl. 08.00 - 20.00.

Laurdag/dagar for heilagdag: kl. 08.00 - 18.00.

**5.2** Skjenking av alkoholhaldig drikk med alkoholinnhald lågare enn 22 volumprosent kan skje i tidsrommet:

I skjenkelokale kl. 12.00 - 02.00.

I skjenkelokale ved lukka selskap: kl. 12.00 - 02.00.

Ved uteskjenking kvardag og sundag kl. 12.00 - 00.00.

Ved uteskjenking fredag/laurdag og dag før heilagdag: kl. 12.00 - 02.00.

Fleirbrukshuset i Treungen kl. 12.00 - 00.00

Treungenfestival torsdag, fredag og laurdag

(innafor inngjerda område på Sommarsletta) kl. 15.00 - 02.00

Treungenfestival onsdag, torsdag, fredag og laurdag

(innafor inngjerda campingområde) kl. 12.00 - 02.00

**5.3** Skjenking av alkoholhaldig drikk med 22 volumprosent alkohol eller meir kan skje i tidsrommet:

I skjenkelokale kl. 15.00 - 02.00.

I skjenkelokale ved lukka selskap/ambulerande løyve kl. 15.00 - 02.00.

Ved uteskjenking kvardag og sundag kl. 15.00 - 00.00.

Ved uteskjenking fredag/laurdag og dag for heilagdag: kl. 15.00 - 02.00.

**5.4** Kommunedirektøren har fullmakt til å fatte vedtak i søknader om dispensasjon frå opningstidsreglane.

**5.5** Maksimal opningstid for skjenkestaden er lik skjenketida med tillegg av avviklingstid på 30 minuttar.

Elles gjeld alminnelege lover og føresegner for sal og skjenking.

## 6 Tildeling og inndraging av løyve:

- 6.1** Kommunedirektøren har fullmakt til avgjerd i alle løyvesaker.
- 6.2** Saksbehandlingstid er normalt 3 til 4 veker (må ofte vente på uttale frå Politiet).
- 6.3** Løyve kan tildelast for inntil 4 år, når det ikkje er tale om ambulerande løyve. Alle løyver opphøyrer seinast 30. juni i året etter at nytt kommunestyre tiltre.
- 6.4** Inndraging av løyve kan skje i samsvar med § 1-8 i alkohollova og kapittel 10 i alkoholforskrifta.

## 7 Vilkår

- 7.1** For alle sals- og skjenkeløyver i Nissedal kommune gjeld fylgjande vilkår:
- Løyvehavarane skal uoppfordra for kvart år sende inn oppgåve over omsetjing innan 15.februar året etter. Dette gjeld dei som har fast løyve og dei som har enkeltløyve.
  - Løyvehavarane v/styrar og stedfortredar pliktar å møte kommunen for utveksling av erfaringar, gjennomgang av aktuelle sider ved lovverket, ordensmessige problem mv.
  - Internkontrollrutinar skal foreligge skriftleg. Frå kommunen si side blir det lagt vekt kartlegging av risikotilhøve, rutinar for opplæring av nyttilsette rutinar, for å hindre sal/skjenking til mindreårige og rutinar for vakthald.
- 7.2** Særskilde vilkår for løyvet kan fastsetjast for den einskilde sals- eller skjenkestad.
- 7.3** Manglande oppfyljing av vilkår kan føre til inndraging av løyvet.

## 8. Gebyr

**8.1 Salsløyve:** Årleg gebyr for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk vert fastsett jf. Forskrift om omsetjing av alkoholhaldig drikk § 6-2 på grunnlag av siste års omsetjingsoppgåve frå løyvehavarane. Uavhengig av omsetjingas storleik så skal det betalast eit gebyr jf. forskrift om omsetjing av alkoholhaldig drikk § 6-2 for tida kr 1 960,-

**8.2 Fastskjenkeløyve:** Årleg gebyr for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk vert fastsett jf. forskrift om omsetjing av alkoholhaldig drikk § 6-2 på grunnlag av siste års omsetjingsoppgåve frå løyvehavarane. Uavhengig av omsetjingas storleik skal det betalast eit minstegebyr jf. forskrift om omsetjing av alkoholhaldig drikk § 6-2, for tida kr 6 100,-

**8.3 Enkelt løyve:** For tida kr. 420,- pr. gong.

Eit enkelt høve kan vare inntil ti dagar. For store arrangement med svært mykje publikum (Treungenfestival), gjeld eigne satsar tufta på minstegebyr for fast skjenkeløyve med tillegg for omsett skjenka liter høgare enn minstegebyret.

**8.4 Ambulerande løyve:** For tida kr 420,- pr gong.

For søkarar på enkelt løyve eller ambulerande løyve til gruppe 3 som har eksisterande løyve, gjeld eit gebyr på for tida kr 500,-.

**8.5 Gebyr skal dekke kontrolltiltak.**

Gebyr som ikkje vert nytta til kontrolltiltak, går til førebyggjande tiltak.

## 9. Kontroll:

**9.1** Kommunedirektøren avgjer korleis alkoholkontrollen skal utførast.

**9.2** Kunnskapsprøve i Alkohollova kan tas ved å vende seg til kommunehuset.

**10. Rullering:**

**10.1** Alkoholpolitiske retningslinjer for Nissedal kommune evaluerast og rullerast fortløpande. Minimum ein gong i kvar kommunestyreperiode.

**10.2** Sakshandsamar vurderer fortløpande bruken av ambulerande i gruppe 3. Vert det misbruk av ambulerande løyve skal det vurderast om ordninga må endrast.